

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Alver kommune**

Kopi: Varamedlem, ordfører, rådmann, økonomisjef, postmottak, KPMG

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Alver kommune**Møtedato:** 29.11.2021, kl. 09:00 – ca. 13:00 (tentativt)**Møtestad:** Formannskapsrommet (Frekhaug) / fjernmøte

Det er planlagt å ha møtet i formannskapsrommet på Frekhaug, men vi vil vurdere fortløpende om møtet bør gjennomførast som eit fjernmøte, jamfør smittesituasjonen og gjeldande smittevernsreglar.

Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Vedlegg	Tidsplan
58/21	Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 29.11.2021		09:00
59/21	Godkjenning av protokoll frå møtet 04.10.2021	1	
60/21	Skriv og meldingar a. Info om aktuelle kurs b. Status rekneskapstal for kontrollarbeidet i 2021		
61/21	Rapport frå eigarskapskontroll: Generell eigarstyring	2	
62/21	Statusorientering interimrevisjon		
63/21	Oppfølging av sak 47/21 Utarbeiding av oppdrag om gransking		
64/21	Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024	3	
65/21	Orientering om evaluering undervegs i perioden 2019 – 2023 – Kontrollutvalet sin eigenvurdering		
66/21	Møteplan for 2022		
67/21	Møteprotokollar frå politiske utval		
68/21	Eventuelt		

Ved forfall eller spørsmål til deltaking i møtet ta kontakt med kontrollutvalssekretariatet på e-post: tonje.husum.aarland@regionnordhordland.no eller tlf.: 928 58 413.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Med vennleg helsing

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvaletTonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær



Alver kontrollutval

Saksframlegg til møtet 29.11.2021

58/21 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 29.11.2021

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 29. november 2021 er godkjent.

59/21 Godkjenning av protokoll frå møte 04.10.2021

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 04.10.2021

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 4. oktober 2021 er godkjent slik den ligg føre.



60/21 Skriv og meldingar

- a. Info om aktuelle kurs
- b. Status rekneskapstal for kontrollarbeidet i 2021

Saksopplysingar:

a. Info om aktuelle kurs

Alver kontrollutval er medlem av FKT og har fått infoskriv på e-post om webinar som vert arrangert 10. – 11. januar 2022 om kontrollutvalet sin uttalelse til årsrekneskap og årsmelding. Les meir om webinarret her: [Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen 10.-11. januar 2022 \(webinar\) - Forum for Kontroll og Tilsyn \(fkt.no\)](#)

b. Status rekneskapstal for kontrollarbeidet i 2021

Kontrollutvalet vil få framlagt oversikt over skyggerekneskap for kontrollarbeidet sålangt i 2021.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

61/21 Rapport frå eigarskapskontroll: Generell eigarstyring

Saksvedlegg:

Generell eigarstyring – Alver kommune, KPMG

Saksopplysingar:

KPMG har gjennomført ein eigarskapskontroll retta mot den generelle eigarstyringa i Alver kommune, jamfør vedtak i kontrollutvalet sak 14/21. Føremålet har vore å undersøke om eigarskapet i Alver kommune er i samsvar med regelverk og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Overordna vert det vurdert at ein del område knytt til eigarstyring er i samsvar med praksis, men at det er forbetningspotensial på nokre identifiserte område som vil vere nyttig å følge opp i kommunen sin pågåande strategiprosess.

Med bakgrunn i dei identifiserte forbetningsområda, er det peika på fleire tilrådingar til Alver kommune for vidare oppfølging med generell eigarstyring. Forvaltningsrevisor vil legge fram rapporten og tilrådingane i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



62/21 Statusorientering interimsrevisjon

Saksopplysingar:

Revisor vil i møtet gje ei kort orientering om status for interimsrevisjon hausten 2021.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

63/21 Oppfølging av sak 47/21 Utarbeiding av oppdrag om gransking

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vedtok i sak 35/21 å sette i gang prosessen med å utarbeide gransking:

Kontrollutvalet kan ikkje sjå at forvaltningsrevisjonen av opplæringsområdet gir tilstrekkelege svar i høve denne saka.

Kontrollutvalet setter difor i gang prosessen med å utarbeide gransking av sakene til beste for alle partar. Granskinga må handsame dei konkrete punkta som det peikast på i det mottekne brevet, samt at prosessane har blitt gjennomførte i tråd med gjeldande lover i høve dei konkrete sakene. Den som skal utføre granskinga må identifisere i samråd med kontrollutvalet kva punkt eller lovparagrafer som bør undersøkast nærare på bakgrunn av det overnevnte brevet.

Kontrollutvalet drøfta og vedtok i sak 47/21 å sette i gang ei mindre undersøking, for å avklare tilrådde problemstillingar og estimere omfang på eventuelle vidare undersøkingar. Kontrollutvalet prioriterer ei budsjetttramme på kr 50 000 til dette, og ba sekretariatet utarbeide liste over aktuelle oppdragstakarar og førebu utforming av ei førespurnad som vert lagt fram for kontrollutvalet til drøfting i førstkomande møte.

Sekretariatet vil i møtet legge fram oppfølgingsnotat med forslag til ei konkret førespurnad, samt forslag til vidare oppfølgingsprosess.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.



64/21 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024

Saksvedlegg:

Vedtak i kommunestyret; plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024

Saksopplysingar:

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 i sak 113/20, med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Økonomisk bærekraft og økonomistyring
3. Innkjøp (inkludert dumping)
4. Beredskap; hendingar og katastrofar
5. Personvern og informasjonstryggleik
6. Habilitet.

Kommunestyret delegerte mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen.

Sekretariatet vil i møtet legge fram planen og drøfte vidare oppfølging av prioriterte tema.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

65/21 Orientering om evaluering undervegs i perioden 2019 – 2023 – Kontrollutvalet sin eigen vurdering

Saksopplysingar:

I Kontrollutvalsboka frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som er rettleiande for arbeidet til kontrollutvala, står det at det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørgje for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Ved å gjennomføre evaluering midtvegs i ein periode vil det vera mogleg å gjera forbetringstiltak som kjem arbeidet i utvala til gode i resten av perioden.

Sentrale spørsmål kan vera om kontrollutvalet sine forventingar til sekretariat og revisjon blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde, korleis utvala vurderer



arbeidet sitt og generelt korleis mulighetane ligg til rette til å få gjort ein god jobb i kontrollutvala.

Evalueringa kan gjerast som ei anonym, digital spørjeundersøking der ein i hovudsak rangerer ulike tema på ein skala frå 1 – 5. Sekretariatet ved Region Nordhordland IKS (RNI) planlegg å gjennomføre same undersøking i alle kontrollutvala RNI er sekretariat for. Slik kan ein sjå på resultat for kvart enkelt utval, samt identifisera om det er fellestrekk som går igjen i dei ulike kommunane, og som kan vera arbeid med overordna og på tvers for forbetring.

Undersøkinga er tenkt gjennomført seinhaust 2021, og resultat kan bli gjennomgått i første møte i 2022, samt i leiarsamling som er planlagt i januar 2022.

Sekretariatet vil orientere nærare i møtet om planane for evalueringa, og legg opp til ein kort drøfting kring innspel til prosessen.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

66/21 Møteplan for 2022

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vil få framlagt forslag til møtedatoar for dei første møta i 2022.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.



67/21 Møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

68/21 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.



Alver kontrollutval

Møteprotokoll

- Møtedato: 4. oktober 2021 kl. 09:00 – 14.15
Stad: Formannskapetssalen, Frekhaug
- Tilstade: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem) og Arild Tveranger (medlem)
- Forfall:
- Innkalla: Ordførar Sara Sekkingstad, Rådmann Ørjan Raknes Forthun og Rådgjevar for intern kontroll og kvalitet Lisbeth Vabø (til sak 46/21)
- Revisor: Statsautorisert revisor Harald Sylta, Senior manager Rune Mydland og forvaltningsrevisor Bjørg Rabbe Sandven, KPMG
- Sekretær: Tonje Husum Aarland og Bent Gunnar Næss, Region Nordhordland IKS
-

39/21 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 04.10.2021

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 4. oktober 2021 er godkjent.

Behandling i møte:

Ingen merknader til innkalling og sakliste til møtet.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 4. oktober 2021 er godkjent.



40/21 Godkjenning av protokoll frå møte 30.08.2021

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 30.08.2021

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 30. august 2021 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Det var stilt eit spørsmål til revisor angående avklaringar rundt protokollert møtehandsaming i sak 35/21.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 30. august 2021 er godkjent slik den ligg føre.

41/21 Skriv og meldingar

a. Vedtak i kommunestyret sak 113/21 - *Forvaltningsrevisjonsrapport: Opplæringslova § 9A*

Saksopplysingar:

Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapport om Opplæringslova § 9A, og slutta seg til revisor sine tilrådingar som framlagt frå kontrollutvalet:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane. Kommunestyret får ei skriftleg tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane innan utgangen av 2021.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet gjennomgjekk skriv og meldingar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



42/21 Orientering om status økonomi 2021

Saksopplysingar:

Rådmann/administrasjonen er beden om å gje ei orientering om status for økonomi for 2021.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om status for økonomi i Alver kommune og orienterte nærare om:

- Status økonomi ved inngangen i 2021
- Det økonomiske handlingsrommet
 - Skatt- og rammetilskot; kommunalt skatteøre ligg på rundt 11 %
 - Strukturelle grep på kort og lang sikt
 - Investeringar; kutt i investeringar
 - Bruk av disposisjonsfond i 2020 og 2021
 - Tilskot knytt til samanslåinga; samanslåingsprosessen og inntekter som ein har beholdt grunna samanslåinga
- 2. tertialrapport
 - Områda; skule og helse- og omsorg ligg over gjennomsnittleg kostnadsnivå
 - Auka mengde vedtak knytt til lovpålagte tenester og høge straumkostnader
 - Lønsauke og sentralt oppgjer
 - Utbytte frå BKK
 - Renter og avdrag; små avvik vil påverke i stor grad
 - God eigenkapital, men det må gjerast krevjande prioriteringar for å få ei positiv bunnlinje
- Anna
 - Sjukefråvær; framleis tilrådd at ein heldt seg heime ved mindre sjukedomssymptom. Det er elles etablert overordna felles tiltak for oppfølging ved sjukefråvær
 - Oppfølging av kommunale bygg; det vert jobba aktivt for å følgje opp gjeldande avtalar og optimalisere bruk av bygg
 - Kompensasjon for utgifter knytt til handteringa av korona

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



43/21 Plan for rekneskapsrevisjon 2021/2022

Saksopplysingar:

Revisor vil i møtet gje ei kort orientering om planar for rekneskapsrevisjon for 2021/2022.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Senior manager Rune Mydland orienterte om revisjonsplan for 2021:

- Gjennomgang med leiinga; økonomiske og regulatoriske forhold, rutinar og selskapsstruktur, finansiell rapportering og operasjonelle endringar
- Mislegheitsrisiko; drøfting av moglegheiter, intensiver og haldningar
- Erfaringar frå fjorårets revisjon; nye oppstillingsplanar i rekneskapssystem
- Vurderingar knytt til vesentlegheit
- Fokusområde i KPMGs risikovurdering
- Forenkla etterlevingskontroll;
 - Risiko- og vesentlegvurderingar knytt til dette
 - Føremål med forenkla etterlevingskontroll
 - Fokus for 2021 vert på sjølvkostområde; er det utarbeida eit rekneskap som kontrollerer sjølvkost i ettertid?
- Framdrift 2021/2022

Presentasjonen frå møtet vert ettersendt saman med møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



44/21 Brev til KPMG

Saksvedlegg:

Brev til KPMG, Kontrollutvalsleiar

Saksopplysingar:

Leiar i kontrollutvalet har sendt brev til KPMG om gjennomføringa av forvaltningsrevisjon om opplæringslova § 9A.

Oppdragsansvarleg revisor stiller seg uforståande til kritikken som reises i brevet og vil orientere om gjennomføringa av forvaltningsrevisjonsprosjektet (og evt. prosessen rundt utval) i førstkomande møte i kontrollutvalet.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Behandling i møte:

Statsautorisert revisor Harald Sylta orienterte nærare om:

- Forvaltningsrevisjon Opplæringslova § 9A;
 - Vedteke føremål med forvaltningsrevisjonsprosjektet har vore å undersøke skuleeigar og skulane sitt heilskaplege arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane, samt om praksis ved skulane er i samsvar med krava i kapittel 9 A
 - Kontrollutvalet vedtok prosjektplan med problemstillingar og underpunkt til desse i møtet i januar, samt med skissert prosess for datautval- og gjennomgang
 - Det var frå februar gjort utval av skular, gjennomført intervju ved dei utvalde skulane, innhenting og gjennomgang av rutinar utarbeida frå skuleeigar, samt spørjeundersøking blant alle lærarar i kommunen
 - Forvaltningsrevisjonsprosjektet vart ferdigstilt i vårhalvåret 2021, og lagt fram for kontrollutvalet som planlangt på første møte etter sommaren.

- Tilbakemelding til brev datert 23.09.2021;
 - Avsendar er kontrollutvalsleiar
 - Gjev ei grunnleggande mistroiskheit/mistillit til kommuneleiinga slik det er formulert i brevet
 - Uavhengigheit til revisor
 - Uavhengighetserklæring vert avgitt årleg
 - Det har aldri vore spørsmål om dette gjennom prosessen
 - Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapporten
 - Kontrollutvalet sin handsaming i sak



- Kommunestyret sin handsaming i sak
 - Spørsmål kring dialog med administrasjonen
 - Spørsmål kring utval av skular
- Forvaltningsrevisjon
 - RSK 001 – Standard for forvaltningsrevisjon
 - Veileder forvaltningsrevisjon
 - Systematiske undersøkingar og krav om oppstartsmøte og dialog med administrasjonen
 - Føremålet med forvaltningsrevisjonen gjev grunnlag for vurdering av utval; i dette forvaltningsrevisjonsprosjektet har det vore å undersøke elevane sitt skulemiljø, og ein har derfor vurdert både tal mobbesaker på dei ulike skulane og skulestruktur

Kontrollutvalet drøfta brevet, og peika på kontrollutvalet sin rolle og uavhengighet, og bestillingsdialogen kring forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Ordførar Sara Hamre Sekkingstad deltok i saka og orienterte om kommunestyret sin handsaming av saka og kontrollutvalet sin rolle som kollegialt og uavhengig organ.

Kontrollutvalet drøfta og konkluderte med at kontrollutvalsleiar ikkje har sendt brevet på vegne av eit samla kontrollutval. Kontrollutval ønskjer å trekke tilbake brevet, og med dette spekulasjonane om at KPMG vert oppfatta som partisk.

Kontrollutvalet drøfta sak 45/21 før vedtaket vart formulert og vedteke.

Ordførar trådde i saka inn som settesekretær når vedtaket ble formulert og vedtatt.

Kontrollutvalet drøfta fram eit vedtak som vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet stiller seg ikkje bak brevet som leiar i kontrollutvalet, Jimmy Pasali, har sendt til KPMG.

Kontrollutvalet har full tillit til KPMG.

Kontrollutvalsleiar trekkjer tilbake brevet, då det ikkje er tenkt som eit formelt brev frå leiar.



45/21 Brev til Region Nordhordland IKS

Saksvedlegg:

Brev til Region Nordhordland IKS, Kontrollutvalsleiar

Saksopplysingar:

Leiar i kontrollutvalet har sendt brev til Region Nordhordland IKS om sekretariatet sin rolle og handsaming av sak 35/21 i kontrollutvalet i møtet 30.08.2021.

Sekretariatet stiller seg uforståande til kritikken som reises i brevet og vil orientere om sekretariatet sin rolle og funksjon i møtet.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Behandling i møte:

Sekretariatet ga ein gjennomgang av bakgrunn for- og sakshandsaminga til sak 35/21 og peika på kontrollutvalssekretariatet sin rolle ovanfor kontrollutvalet og rådgjevande funksjon i slike saker.

Kontrollutvalet drøfta og konkluderte med at kontrollutvalsleiar ikkje har sendt brevet på vegne av eit samla kontrollutval. Kontrollutval ønskjer å trekke tilbake brevet, og med dette spekulasjonane om at sekretariatet vert oppfatta som partisk.

Ordførar trådde i saka inn som settesekretær når vedtaket ble formulert og vedtatt.

Kontrollutvalet drøfta fram ein vedtak som vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet stiller seg ikkje bak brevet som leiar i kontrollutvalet, Jimmy Pasali, har sendt til sekretariatet.

Kontrollutvalet har full tillit til sekretariatet.

Kontrollutvalsleiar trekkjer tilbake brevet, då det ikkje er tenkt som eit formelt brev frå leiar.



46/21 Orientering om kvalitetssystem i Alver kommune

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet har tidlegare fått kort orientering om arbeid med nytt kvalitetssystem i Alver kommune.

Rådmann/administrasjonen vil i møtet orientere nærare om kvalitetssystemet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådgjevar for intern kontroll og kvalitet Lisbeth Vabø orienterte om kvalitetssystemet i Alver kommune.

Kvalitetssystemet er eit verktøy for å få oversikt over intern kontroll i kommunen, og skal hjelpe med å sikre god kvalitet og kontinuerleg forbetring i tenestene.

Dokumentmodulen skal medverke til å dokumentere korleis ein jobbar og korleis alt heng saman når det gjeldt ansvar, mynde og steg- for-steg utføring av arbeidsoppgåver. Avviksmodulen skal medverke til betre system for avviksmelding og handsaming.

Kvalitetssystemet er eit levande system og er ei løysing for publisering, forvaltning og søk i dokumenta. Det har vore eit samarbeidsprosjekt med IKTN, Digitalisering og innovasjon og dei ti samarbeidskommunane i Nordhordlandsregionen. Internt prosjekt i Alver kommune om å bygge opp systemet med dei ulike modulane og implementere det nye systemet.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte kort om bakgrunn for skifte av kvalitetssystemet. Alver kommune har til no nytta KS sitt kvalitetssystem, og grunna utfasing av dette frå KS har det vore behov for nytt system. Kvalitetssystemet har vore jobba med i om lag eit år, og vert publisert i løpet av november 2021.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



47/21 Utarbeiding av oppdrag om gransking

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 35/21:

Kontrollutvalet kan ikkje sjå at forvaltningsrevisjonen av opplæringsområdet gir tilstrekkelege svar i høve denne saka.

Kontrollutvalet setter difor i gang prosessen med å utarbeide gransking av sakene til beste for alle partar. Granskinga må handsame dei konkrete punkta som det peikast på i det mottekne brevet, samt at prosessane har blitt gjennomførte i tråd med gjeldande lover i høve dei konkrete sakene. Den som skal utføre granskinga må identifisere i samråd med kontrollutvalet kva punkt eller lovparagrafer som bør undersøkast nærare på bakgrunn av det overnevnte brevet.

For å gå vidare i prosessen med ei kontroll av enkeltsakene, vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet i møtet drøfter rammer for- og konkretisering av kontrolloppdraget.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Behandling i møte:

Kontrollutvalsleiar ønskjer å legge fram eit notat som inneheldt personlege og sensitive opplysningar. Kontrollutvalet drøfta å lukke møtet ved gjennomgang av notatet.

Kontrollutvalet stemte over forslag om å lukke møtet på dette punktet i saka.

Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet på dette punktet i saka med heimel i kommunelova § 11-5, forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13.

Kontrollutvalet opna møtet igjen etter kort gjennomgang av notatet.

Kontrollutvalet drøfta vidare prosess for oppfølging av saka og vurderte at det vil vere nyttig i første omgang å be om ei mindre undersøking av prosessen, for å avklare tilrådde problemstillingar og estimere omfang på eventuelle vidare undersøkingar. Dette vil kunne gjere det enklare å få tydeleggjort ei bestilling, samt gjere det lettare å estimere ressursbehovet. Sekretariatet kan utarbeide liste over aktuelle oppdragstakarar og kontrollutvalet vil i så fall i neste møte velje dei mest aktuelle for oppdraget og utforme ei førespurnad som sekretariatet sender ut.



Forslag til vedtak i møtet:

«Kontrollutvalet ber om at det vert gjort ei nærare undersøking av prosessen kring oppfølging av to konkrete hendingar knytt til opplæringslova § 9 a, arbeidsmiljølova og forvaltningslova, for å avklare tilrådde problemstillingar og estimere omfang på vidare undersøkingar. Kontrollutvalet gjev ei budsjetttramme på kr 50 000.

Kontrollutvalet ber om at kommunestyret vert orientert om saka.»

Kontrollutvalet stemte over vedtaket og gjorde eit samrøystes vedtak.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om at det vert gjort ei nærare undersøking av prosessen kring oppfølging av to konkrete hendingar knytt til opplæringslova § 9 a, arbeidsmiljølova og forvaltningslova, for å avklare tilrådde problemstillingar og estimere omfang på vidare undersøkingar. Kontrollutvalet gjev ei budsjetttramme på kr 50 000.

Kontrollutvalet ber om at kommunestyret vert orientert om saka.

48/21 Møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Behandling i møte:

Det var ingen kommentarar til møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.



49/21 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Sekretariatet orienterte kort om:

- Løypemelding om eigarskapskontroll frå KPMG
- Tilsyn frå Statsforvaltaren og andre tilsynsmynde; kontrollutvalet kan i eit seinare møte få nærare orientering om samordna verktøy for tilsyn
- Aktuelle kurs og faglitteratur; i februar 2022 er det planlagt kurs på Solstrand hotell.

Kontrollutvalet ber om å få oversikt rekneskapstal for kontrollarbeidet i 2021 til neste møte i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

04.10.2021

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Generell eigarstyring

Alver kommune
Eigarskapskontroll

November 2021

www.kpmg.no

Forord

Etter vedtak i kontrollutvalet i Alver kommune i møte 26.05.2021 sak 14/21 har KPMG gjennomført ein eigarskapskontroll retta mot den generelle eigarstyringa i kommunen. Denne rapporten er svar på kontrollutvalet si bestilling.

Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar og tilrådingar går fram av samandraget i rapporten. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her blir føremål, problemstillingar, evalueringskriterier og metode presentert. Kapittel 2 gir bakgrunnsinformasjon om eigarskapskontroll og eigarskap i Alver kommune. I kapittel 3 presenterer vi resultatata av eigarskapskontrollen. Her blir evalueringskriterier konkretisert, samt presentasjon av fakta og vurderingar. I Kapittel 4 presenterer vi våre tilrådingar. I kapittel 5 er rådmannen og ordførar sin uttale til rapporten teke inn.

Vi vil takke kommunen, Knarvik Industri og Miljø AS og Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap IKS for god hjelp i arbeidet vårt med eigarskapskontrollen.

Samandrag

Føremålet med eigarskapskontrollen er å undersøke om eigarskapet i Alver kommune er i samsvar med regelverk og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Vurderingar

Overordna vurderer forvaltningsrevisor at Alver kommune på ein del område har ei eigarstyring i samsvar med tilrådd praksis. For nærmare omtale av kommunen si eigarstyring opp mot tilrådd praksis, sjå del 3.1.

Samstundes har vi identifisert nokre område kor kommunen etter vår vurdering har eit forbetningspotensial. Det er positivt at kommunen har iverksatt ein strategiprosess knytt til eigarstyring. Vi meiner det blir viktig at særleg fylgjande blir adressert i denne strategiprosessen:

- Det er ikkje utarbeid eigarstrategiar for alle selskapa som Alver kommune har eigarskap i. Dette medfører at styra og generalforsamling/representanskap i varierende grad har tydelege rammar å forholde seg til.
- Kommunen er pliktig til å utarbeide eigarskapsmelding for Alver kommune i løpet av valperioden då gjeldande eigarskapsmelding er frå førre valperiode.
- Kommunen har etter vår vurdering mangel i systematikk i omfang og gjennomføring av eigarmøte.
- Det er ikkje utarbeid retningslinjer som set føringar for korleis valkomiteen skal komme fram til innstillingar til styremedlem.
- Styreverv er i varierende grad registrert i KS styrevervregister.

Tilrådingar

Vi vil tilråde Alver kommune å:

- ✓ Utarbeide retningslinjer som set føringar for korleis valkomiteen skal komme fram til innstillingar til styremedlem i kommunaleigde selskap
 - Irekna bør det takast omsyn til den samla kompetansen i styret ved innstilling til styremedlem
- ✓ I samband med strategiprosess for eigarstyring
 - Gjere ein heilskapleg gjennomgang og vurdering av kommunen sin eigarskapsportefølje
 - Vurdere korleis ny kommunelov endrar kommunen sine føresetnadar for eigarstyring i ulike selskapsformer
 - Utarbeide overordna eigarstrategi, som byggjer på god praksis for kommunal eigarstyring
 - Utarbeide eigarstrategiar i selskapa kor kommunen har ein betydeleg eigarskap
 - Vurdere å utarbeide felles eigarstrategiar saman med dei andre eigarane i interkommunale selskap
 - Syte for at alle folkevalde tek del i den planlagte folkevaldopplæringa om eigarskap og eigarstyring
- ✓ Utarbeide eigarskapsmelding for Alver kommune i løpet av valperioden i tråd med krav i kommuneloven

- Gi eit føresegn i eigarskapsmeldinga om kven som representerer kommunen i generalforsamlinga i deleigde aksjeselskap
- ✓ Gjere ein gjennomgang av dei registrerte opplysningane i KS styrevervregister, samt oppdatere styreverva som manglar i Styrevervregisteret
- ✓ Nedfelle prinsipp for omfang og gjennomføring av eigarmøte for selskapa
- ✓ Følgje opp at selskapa kommunen har eigarskap i jamleg reviderer etiske retningslinjer
 - Dette bør tydeleggjerast i eigarstrategiane som skal utarbeidast
- ✓ Følgje opp at selskapa kommunen har eigarskap i har rutinar for vurdering og handtering av habilitet
 - Dette bør tydeleggjerast i eigarstrategiane som skal utarbeidast
 - Kommunen bør inkludere rutinar for vurdering og handtering av habilitet i styret som eit prinsipp for god eigarstyring i eigarskapsmeldinga

Innhold

1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn og føremål	1
1.2 Problemstillingar	1
1.3 Evalueringskriterier	1
1.4 Metode	1
2. Bakgrunn	3
2.1 Eigarskapskontroll og generell eigarstyring	3
2.2 Alver kommune – eigarskap	3
2.3 Knarvik Industri og Miljø AS	4
2.4 Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS	4
3. Eigarstyring i Alver kommune	5
3.1 Eigarstyring etter tilrådd praksis	5
3.2 Oppsummering – Generell eigarstyring i Alver kommune	19
4. Tilrådingar	20
5. Uttale frå rådmann og ordførar	21
Vedlegg 1 Dokumentliste	22

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål

Kontrollutvalet vedtok i møte 26.05.2021 sak 14/21 å bestille ein eigarskapskontroll retta mot den generelle eigarstyringa i kommunen. Føremålet med eigarskapskontrollen er å undersøke om eigarskapet i Alver kommune er i samsvar med regelverk og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Eigarskapskontrollen er forbetningsorientert, og har som føremål å gje tilrådingar om tiltak som kan styrke eigarstyringa til Alver kommune.

1.2 Problemstillingar

1. I kva grad blir eigarinteressene til kommunen utøvde i samsvar med;
 - a. Gjeldande regelverk?
 - b. Etablerte normer for god eigarstyring?
 - c. Kommunen sine prinsipp for god eigarstyring?

1.3 Evalueringskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp Evalueringskriterier. Evalueringskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen vert målt mot. Evalueringskriterier må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie evalueringskriterier har vore:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ Lov om aksjeselskap (aksjeloven)
- ✓ Lov om interkommunale selskap (IKS-loven)
- ✓ KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll
- ✓ Kommunen sine overordna prinsipp for god eigarstyring

Evalueringskriteria er nærmare utgreia i kapittel 3.

1.4 Metode

Eigarskapskontrollen er gjennomført i samsvar med RSK 002 Standard for eigarskapskontroll¹.

¹ Utgitt av Norges Kommunerevisorforbund.

For å svare ut problemstillingane er fylgjande teknikkar nytta for å samle inn data:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju

Til grunn for rapporten ligg ein gjennomgang og analyse av sentrale dokument opp mot revisjonskriteria. Liste over motteken og gjennomgått dokumentasjon er teke inn i vedlegg 1.

Det er gjennomført 4 intervju med:

- ✓ Ordfører i Alver kommune
- ✓ Rådmann og assisterande rådmann i Alver kommune
- ✓ Styreleiar i Knarvik Industri og Miljø AS
- ✓ Styreleiar i Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap IKS

Intervju har vore ei sentral informasjonskjelde, og utvalet av personar er basert på forventa informasjonsverdi, personane si erfaring og formelt ansvar i høve eigarskapskontrollen sitt føremål og problemstillingar. Føremålet med intervju har vore å få utfyllande og supplerande informasjon til dokumentasjonen vi har motteke frå kommunen. Data frå intervju er verifisert av respondentane, dvs. at respondentane har fått moglegheit til å lese gjennom referata og gjere eventuelle korrigeringar.

Alver kommune si generelle eigarstyring blir vurdert opp mot etablerte normer for god eigarstyring frå KS, gjeldande regelverk og kommunen sine prinsipp for god eigarstyring. Kapittel 3 er strukturert etter KS sine 21 tilrådingar for god eigarstyring. I tillegg blir relevant regelverk og prinsipp for eigarstyring nytta som evalueringskriterium kor dette er relevant. Tilrådingane frå KS omhandlar både ivaretakinga av kommunen sine eigarinteresser og oppfølginga av eigarskapet i selskapa kor kommunen har eigarskap. Gjennom intervju og dokumentasjonsgjennomgang har vi kartlagt korleis kommunen si eigarstyring fungerer. Vi har vald ut to selskap kor vi har sett nærmare på kommunen si eigarstyring ovanfor selskapet. Selskapa vi har sett på er Knarvik Industri og Miljø AS og Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap IKS. Det er vald ut eit AS og eit IKS då dei fleste av selskapa som kommunen har eigardelar i er organisert som AS eller IKS. Desse to selskapa er vald ut då Alver kommune har store eigardelar i selskapa.

Datainnsamlinga blei avslutta 18.10.2021. Rapport er sendt rådmann og ordfører til uttale den 25.10.2021, med høyringsfrist 09.11.2021.

2. Bakgrunn

2.1 Eigarskapskontroll og generell eigarstyring

Eigarskapskontroll dreier seg primært om å kontrollere kor vidt den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Generell eigarstyring handlar om prinsippa kommunen legg til grunn for styring av verksemder kommunen er heil- eller deleigar i. Det gjeld både handsaminga av eigarskapet overfor den enkelte verksemd, men også kommunen sitt overordna system for eigarstyring.

2.2 Alver kommune – eigarskap

Tabellen under viser ei oversikt over selskap kor Alver kommune har ein betydeleg eigardel (minst 30 %):

Selskap	Føremål	Eigardel
Knarvik Industri og Miljø AS	Verksemda er oppretta for å ivareta viktige sosialpolitiske føremål i Alver kommune.	100 %
Alver Tomteselskap AS	Erverva areal, planleggja, tilretteleggja og omsetja nærings- og bustadtomter i Alver kommune, og elles ivareta kommunen si forretningsinteresse i utbyggingsområda. Selskapet kan og stå for oppføring og utleige av næringsbygg samt driva eller delta i anna verksemd med føremål å fremja næringsutvikling, herunder også rådgjevingsteneste.	100 %
Gløde AS	Arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette.	54 %
Aufera AS	Tilretteleggja arbeidsplassar for alle personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming.	47,33 %
IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap	Ansvar for utvikling og drift av den grunnleggjande IKT-strukturen i ti kommunar i Vestland fylke.	47,33 %
Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap IKS	Renovasjonsselskap som tilbyr avfallsløysingar, rådgjeving og tenester til industri og næringsliv i regionen.	76,67 %
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	Arbeide i samsvar med det politiske organet RNH sitt føremål, og ivareta økonomiske og administrative oppgåver for RNH.	62,25 %

Tabell 1: Oversikt over Alver kommune sitt eigarskap.

2.3 Knarvik Industri og Miljø AS

Knarvik Industri og Miljø AS (heretter kalla KIM AS) er ei vekstbedrift lokalisert i tidlegare Lindås kommune. KIM AS tilbyr arbeidsplassar for menneske med behov for tilrettelagt arbeid. Det kjem fram av tilsendt dokumentasjon at KIM AS har 30 Varig Tilrettelagte Arbeidsplassar (VTA) etter avtale med NAV. I tillegg har KIM AS avtale med Alver kommune om drift av dagplassar. KIM AS tilbyr tenester som vaktmestertenester, trykkeritenester, makulering og sal av ved. Alver kommune eig 100 % av selskapet.

2.4 Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (heretter kalla NGIR IKS) tilbyr avfallsløysingar, rådgjeving og tenester til industri og næringsliv i regionen. Selskapet har ansvar for hushaldsavfallet i eigarkommunane og tilbyr avfallsløysingar for næringsavfall. I tillegg utfører selskapet slamtømming.

Selskapet er eigd av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. Selskapet er lokalisert i Alver kommune. NGIR samlar inn og handsamar avfall frå omlag 14 000 hushald og 6 400 hytter i eigarkommunane. Alver kommune eig 76,67 % av selskapet.

3. Eigarstyring i Alver kommune

3.1 Eigarstyring etter tilrådd praksis

For å vurdere Alver kommune si generelle eigarstyring har vi vurdert utøvinga opp mot gjeldande regelverk (kommuneloven, aksjeloven og IKS-loven), etablerte normer for god eigarstyring (KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll i kommunar²) og kommunen sine prinsipp for god eigarstyring (frå eigarskapsmeldinga 2019).

3.1.1 Evalueringskriterium: Velje selskapsform ut frå føremål og behov

KS tilråding «Velje selskapsform ut frå føremål og behov»: *Som eigar bør kommunen sørge for ei selskapsform som er tilpassa føremåla og oppgåvene til verksemda, behovet for eigarstyring, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsforhold og det aktuelle lovverket.*

Kommuneloven § 17-1 regulerer val av selskapsform knytt til interkommunalt samarbeid: *Et interkommunalt samarbeid skal foregå gjennom et interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgavefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, en forening eller på en annen måte som det er rettslig adgang til.*

Kommunen står i hovudsak fritt til å velje samarbeidsform, men nokre av samarbeidsformene har avgrensa mynde, omtalt i kommunelova sjettedel.

Kommunen kan òg skipe kommunale føretak med heimel i kommunelova kapittel 9.

Fakta

Ulike selskapsformer³ blir diskutert i eigarskapsmeldinga til kommunen. Det blir vektlagt at behovet for styring og kontroll vil stå sentralt i val av organisasjonsform. Om kommunen vil ha full innflytelse over drifta bør verksemda organiserast innan den ordinære kommunale organisasjonsmodellen. Samstundes må styring og kontroll av fristilte selskap skje på ein meir indirekte måte enn ved tradisjonell styring av kommunal verksemd.

Det blir opplyst i tilsendt dokumentasjon at kommunen ikkje har greia ut val av selskapsform etter kommunesamanslåinga. Dagens organisering av selskapa stammar i stor grad frå dei tidlegare kommunane si eigarstyring. Vidare kjem det fram av intervju at det i liten grad har blitt gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av kommunen sin eigarskapsportefølje etter kommunesamanslåinga. Etter eigarskapsmeldinga skal kommunen ved jamne mellomrom foreta evalueringar av eigarskapet sitt.

Samstundes har det blitt gjennomført enkelte endringar av organisering i enkeltelskap etter kommunesamanslåinga. IKT Nordhordland var tidlegare organisert som eit vertskommunesamarbeid i regi av Osterøy kommune. Frå og med 2020 er det organisert som eit kommunalt oppgavefelleskap. Lindås Tomteselskap AS og Meland Utbyggingsselskap AS er slått saman til Alver Tomteselskap AS. Dette var selskap i høvesvis Lindås og Meland kommune med samanfallande føremål knytt til eigedom. I KIM AS er det ein pågåande prosess der KIM AS tek sikte på å organisere seg som eit mor- og dotterselskap, der morselskapet skal vere eit eigedomsselskap som eig bygningsmassen til selskapet og selskapet si drift skal ligge i dotterselskapet. Prosessen har blitt drøfta i generalforsamlinga, og skal handsamast i generalforsamlinga hausten 2021. Føremålet med prosessen er å tilfredsstille krava frå NAV. For nærmare informasjon om denne prosessen viser vi til

² [TilraadingEigarskap.pdf \(ks.no\)](#)

³ Kommunale føretak, Aksjeselskap, Interkommunale selskap, Stiftingar, Kommunale oppgavefelleskap og vertskommunesamarbeid.

del 3.1.2. Kommunen har foreløpig ikkje vurdert alternative organiseringar av utleigeverksemda utanfor KIM AS. Til dømes har ikkje utleigeverksemda i KIM AS blitt vurdert opp mot aktivitetane og oppgåvene til Alver Tomteselskap AS.

Alver kommune har eigarskap i tre attføringsbedrifter – KIM AS, Gløde AS og Aufera AS - med ulike eigarsamansetningar. Det kjem fram av intervjudata at Alver kommune har eit aktivitetstilbod til innbyggjarane som ligg tett opp mot desse selskapa sine tilbod. Det blir vist til at det er ein pågåande prosess der det blir vurdert om selskapa kan utvide tilbodet sitt for å dekkje Alver kommune sine behov. Så langt har selskapa sine tilbod vore mest retta mot å dekkje behov frå NAV. Det har ikkje blitt gjort ei heilskapleg vurdering av kommunen sitt eigarskap i attføringsbedrifter, utover at det er signalisert at kommunen er positivt innstilt viss selskapa kan tenkje seg å slå seg saman.

Kommunen starta sommaren 2021 opp ein strategiprosess knytt til eigarstyring. Som ein del av denne prosessen skal det utarbeidast framlegg til eigarstrategi for kommunen. Eigarskapsstrategien vil bli handsama politisk. Kommunen opplys om at utgreiingar knytt til val av selskapsform vil bli gjennomført som ein del av denne strategiprosessen.

Vurdering

Det er positivt at kommunen planlegg for å utgreie val av selskapsform i samband med strategiprosess eigarstyring. Samstundes vurderer vi at Alver kommune i denne strategiprosessen bør gjere ein heilskapleg gjennomgang og vurdering av kommunen sin eigarskapsportefølje. Kommunesamanslåinga har ført til at eigarskapsporteføljen har endra seg. Mellom anna har kommunen no eigarskap i tre attføringsbedrifter. KIM AS planlegg å etablere eit eigedomsselskap samstundes som kommunen har eit eigedomsselskap gjennom Alver Tomteselskap AS.

Vår vurdering er at det er viktig at det blir gjennomført ein heilskapleg vurdering av eigarskapet slik at kommunen har eit best mogleg faktagrunnlag for å velje selskapsform tilpassa føremålet og oppgåvene til verksemdene og kommunen sine prinsipp for eigarstyring. Den nye kommunelova medfører endra føresetnadar for eigarstyring i ulike selskapsformer. Ei vurdering av regelverket opp mot den eksisterande selskapsorganiseringa bør inngå som ein del av strategiprosessen slik at kommunen legg til rette for selskapsformer som er tilpassa behov og aktuelt lovverk.

3.1.2 Evalueringskriterium: Skilje mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private

KS tilråding «Skilje mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private»: *Selskap som opererer i ein marknad i konkurranse med andre aktørar, samstundes som dei utfører kommunale oppgåver som ikkje skjer i konkurranse med andre, bør sørge for eit skilje mellom dei to delane for å unngå brøt på reglane om offentleg støtte.*

Fakta

Skilje mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private blir ikkje drøfta i kommunen si eigarskapsmelding.

KIM AS og NGIR IKS har både skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private.

Det kjem fram av protokollen frå generalforsamlinga 2021 at KIM AS har to hovudinntektskjelder:

- Tiltaksplassar med støtte frå NAV og kommunale dagplassar for menneske med behov for tilrettelagt arbeid
- Utleige av 2. etasje i bygget KIM AS eig

Etter NAV sine krav til selskapsorganisering kan ikkje vekstbedrifter ha andre inntektsgevande aktivitetar enn tiltaksplassar og kommunale dagplassar. Skal selskapet ha andre aktivitetar må dette organiserast i eige selskap. KIM AS tek sikte på å organisere seg som eit mor- og dotterselskap, der

morselskapet er eiedomsselskap og tiltaksplassane/dagplassane vert dotterselskap. Dei tilsette vert flytta over i det nye driftsselskapet. Dette skal handsamast i generalforsamlinga hausten 2021. KIM AS oppgjev at prosessen er drøfta med NAV.

Det kjem fram av NGIR IKS sin økonomiplan 2021-2024 at økonomien i selskapet er delt inn i tre separate område - hushald, næring og slam. Hushald er ei skjerma verksemd, medan næring har konkurranse frå private aktørar. På bakgrunn av sjølvkostprinsippet kan ikkje midlar frå næringsverksemda nyttast på områda hushald og slam, og tilsvarande motsett. På bakgrunn av dette er det mellom anna sett opp eigne rekneskap for det enkelte område.

Vurdering

KIM AS sin planlagde omorganisering tek omsyn til krav frå NAV, som også vil gje eit klart skilje mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private. Vi meiner det er positivt at føretaket innrettar verksemda etter krav på eige initiativ. NGIR IKS gjer skilje i rekneskapet for å unngå brot på reglane om offentleg støtte i tråd med tilrådinga frå KS.

3.1.3 Evalueringskriterium: Sørgje for at folkevalde får god kunnskap om eigarskap

KS tilråding «Sørgje for at folkevalde får god kunnskap om eigarskap»: *For å styrkje det kommunale eigarskapet blir det tilrådd at kommunestyret får tid til kompetanseutvikling, til dømes ved å halde eigarskapsseminar for alle folkevalde tidleg i perioden.*

Fakta

Kommunen opplyser i tilsendt dokumentasjon at opplæring av folkevalde om eigarskap og eigarstyring vert planlagt gjennomført i samband med utarbeiding av framlegg til eigarstrategi for kommunen.

Vurdering

Det er vår vurdering at kommunen gjennom sin pågåande strategiprosess knytt til eigarstyring oppfyller kriteriet knytt til kompetanseutvikling for folkevalde.

3.1.4 Evalueringskriterium: Utarbeide ei årleg eigarskapsmelding eller ein rapport om selskapa for kommunestyret

KS tilråding «utarbeide ei årleg eigarskapsmelding eller ein rapport om selskapa for kommunestyret»: *Kommunestyret bør årleg få ein rapport om tilstanden (økonomi, spesielle tilhøve og fleire) for selskapa.*

Etter kommuneloven § 26-1 skal kommunen minst ein gang i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- Oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- Kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemdene

Vidare kjem det fram av KS tilrådinga: *Krava som lova set om utarbeiding av eigarskapsmeldingar éin gong i valperioden er ikkje til hinder for at det kan skje oftare. Dersom kommunen har eigarandelar i mange selskap, kan det vere føremålstenleg å ta eigarskapsmeldingane opp til vurdering oftare.*

Fakta

Alver kommune har ei eigarskapsmelding vedteke av fellesnemnda 06.05.2019 i samband med kommunesamanslåinga. I eigarskapsmeldinga har kommunen definert prinsipp for god eigarstyring. Eigarskapsmeldinga inneheld vidare ei oversikt over selskap kommunen har eigarinteresser i per mai 2019 (før kommunesamanslåinga) og ei grunngjeving for føremålet med eigarskapet. Eigarskapsmeldinga har ikkje blitt revidert etter kommunesamanslåinga, mellom anna grunna Covid-19.

Det kjem fram av intervjudata at kommunen tek sikte på å revidere eigarskapsmeldinga i samband med strategiprosessen for eigarstyring.

Vurdering

Kommunen har ei eigarskapsmelding som oppfyll innhaldskrava i kommuneloven § 26-1. Kommunen er pliktig til å utarbeide eigarskapsmelding for Alver kommune i løpet av valperioden då gjeldande eigarskapsmelding er frå førre valperiode.

3.1.5 Evalueringskriterium: Revidere styringsdokument og avtaler jamleg

KS tilråding «Revidere styringsdokument og avtaler jamleg»: *Kommunestyret skal utarbeide og jamleg revidere styringsdokumenta og avtalane som regulerer styringa av selskapet. Dersom vedtektene/selskapsavtalen berre regulerer dei tilhøva som er påkravde (minstekrav) etter den aktuelle selskapslova, kan det nokre gonger vere føremålstenleg å utarbeide andre styringsdokument. Kommunen kan ha strategi- og styringsdokument som alle selskap må rette seg etter. Slike dokument er ikkje lovfesta, men dei kan vere ein del av eigarstyringa. Med bistand frå administrasjonen kan styret i tillegg utarbeide eigne interne strategidokument som peikar ut korleis og med kva for innsatsfaktorar selskapet skal oppnå dei måla eigarane har fastset. I mange selskap vil det også vere aktuelt å ha ein styringsinstruks som legg føringane for arbeidet og saksbehandlinga til styret.*

Etter aksjeloven § 6-12 skal styret for aksjeselskap i nødvendig utrekning fastsetje planar og budsjett for verksemda. Styret kan også fastsetje retningslinjer for verksemda. Vidare skal selskapet etter aksjeloven § 2-2 ha vedtekter. Aksjeloven § 6-23 stiller krav til at det skal fastsettes en styreinstruks i selskap der tilsette har representasjon i styret. Denne skal gi reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming. Instruksen skal *blant annet inneholde regler om hvilke saker som skal styrebehandles og daglig leders arbeidsoppgaver og plikter overfor styret. Instruksen skal også inneholde regler for innkalling og møtebehandling.*

Etter IKS-loven § 4 skal interkommunale selskap ha ei selskapsavtale. Vidare skal selskapet etter § 20 ha ein økonomiplan.

Fakta

Det er ikkje utarbeid eigarstrategiar for alle selskapa som Alver kommune har eigarskap i. Det er ikkje utarbeid eigarstrategiar for KIM AS og NGIR IKS. Det kjem fram av kommunen si eigarskapsmelding at det skal utarbeidast eigarstrategiar for det enkelte selskap. Føremålet med eigarstrategiane er å avklare eigar sin ståstad overfor dei ulike selskapa og definere forventningar. Selskapet sitt styre og administrasjon skal legge opp verksemds- og forretningsstrategien innanfor den ytra ramma som eigarstrategien utgjer. Det vektleggjast at ein eigarstrategi er ein politisk viljeserklæring og bør evaluerast med jamne mellomrom. Samstundes skal kommunen som nemnt i del 3.1.1 utarbeide eit framlegg til overordna eigarstrategi for kommunen. Det kjem fram av intervjudata at Alver kommune sine strategiar for eigarskap opplevast å vere noko uklar, noko som delvis kan ha samband med manglar på eigarstrategiar.

Det er i varierende grad utarbeid felles eigarstrategiar frå eigarkommunane i interkommunale selskap Alver kommune har eigarskap i. Det er ikkje utarbeid felles eigarstrategi for NGIR IKS. Slike felles eigarstrategiar trekkjast fram som nyttig for å gje styre og representantskap avklarte rammer å forholde seg til.

For KIM AS er vedtektene det overordna styringsdokumentet som regulerer styringa av selskapet. Vedtektene blei vedteke i generalforsamlinga 10.06.2021. Vedtektene gjev retningslinjer for styret og generalforsamlinga. Vidare har styret utarbeid ein styreinstruks, som blei handsama i styret i august 2018. Styret gjer vedtak om budsjett og handlingsplanar. Styret utformar vidare årsplanar for styrearbeidet.

For NGIR IKS er selskapsavtalen det overordna styringsdokumentet som regulerer styringa av selskapet. Denne gir mellom anna retningslinjer for representantskapet, valnemnda, styret og dagleg leiar. Dette omfattar føringar for arbeidet og sakshandsaminga til styret og representantskapet. Representantskapet fastset selskapet sin årsrekneskap og årsbudsjett. Selskapsavtalen blei sist revidert av medlemskommunane i 2019, gjeldande frå 01.01.2020. Det utarbeidast årlege økonomiplanar, som skal vedtakast av representantskapet.

Vurdering

Det er ikkje utarbeid eigarstrategiar for alle selskapa som Alver kommune har eigarskap i slik som det skal i følgje eigarskapsmeldinga til kommunen.

For KIM AS er det overordna styringsdokumentet vedtektene, medan det er selskapsavtalen for NGIR AS. Utover dette manglar kommunen etter vår vurdering strategidokument som gir styra og generalforsamling/representanskap tydelege rammer å forholde seg til. I samband med strategiprosess eigarstyring bør det utarbeidast eigarstrategiar for selskapa kor kommunen har eit betydeleg eigarskap. For interkommunale selskap bør Alver kommune ta kontakt med dei andre eigarane med sikte på å utarbeide ein felles eigarstrategi for selskapet.

3.1.6 Evalueringskriterium: Halde jamlege eigarmøte

KS tilråding: «Halde jamlege eigarmøte»: *KS tilrår at det jamleg blir gjennomført eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet. Eit eigarmøte er eit møte mellom kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet. Eit eigarmøte er ikkje lovregulert og er ein uformell arena der det ikkje skal fattast vedtak, men der både eigaren og selskapet kan ha gjensidig informasjonsutveksling, forventningsavklaring og drøfte generell utvikling og rammevilkår for verksemda.*

Fakta

Det kjem fram av kommunen si eigarskapsmelding at Alver kommune skal ta initiativ til å gjennomføre eigarmøte i dei ulike selskapa. Det vil vere styret som kallar inn eigarane og set dagsorden.

Det kjem fram av intervjudata at det blir gjennomført eigarmøte mellom kommunen som eigar og selskapa kommunen har eigarskap i. Systematikken i og omfanget av desse eigarmøta varierer frå selskap til selskap.

Alver kommune har i 2021 utarbeid eit sekretariat for eigarstyring, som fell under assisterande rådmann sine ansvarsområde. Kommunen arbeidar med å sette ein organisasjon for sekretariatet. Som sekretariat for eigarstyring møter assisterande rådmann i styra i nokre av selskapa, ofte saman med ordførar. Rådmann er involvert i nokre selskap som del av ei styringsgruppe. Dette er først og fremst selskap som har driftsfokus – som til dømes IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap.

I KIM AS er det ikkje gjennomført eigarmøte det siste året.

I NGIR IKS er det ikkje gjennomført eigarmøte med styret. Samstundes har dagleg leiar tilbode seg å besøke kommunestyret i eigarkommunane. Selskapet har møtt dei fleste av kommunestyra i løpet av ei fireårsperiode. Det kjem fram av intervjudata at det kunne vore nyttig med ein felles arena der ein informerte alle eigarkommunane samstundes, mellom anna for å kunne gi alle eigarkommunane felles og lik informasjon.

Vurdering

Vår vurdering er at kommunen ikkje har eit tilstrekkeleg system for gjennomføring av jamlege eigarmøte. Det er ingen klar systematikk i gjennomføring av eigarmøte. Kommunen bør nedfelle prinsipp for omfang og gjennomføring av eigarmøte for selskapa.

3.1.7 Evalueringskriterium: Som hovudregel bør sentrale folkevalde oppnemnst som representantar i eigarorganet

KS tilråding «Som hovudregel bør sentrale folkevalde oppnemnst som representantar i eigarorganet»: *Avhengig av føremålet med selskapet blir det som hovudregel tilrådd at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som selskapet sine eigarrepresentantar i eigarorganet. Eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa.*

Medlemmar av eit representantskap (IKS) er valde av kommunestyret etter reglane i kommunelova. Av førearbeida til IKS-lova går det fram at representantskapsmedlemmane representerer sine respektive kommunar i selskapsforholdet, og at vedkommande kommune har instruksjonsrett overfor sine medlemmar i representantskapet.

Aksjelova seier ikkje noko om kven som skal møte som aksjonær, men oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorganet vil bidra til å forenkle samhandlninga og kommunikasjonen mellom kommunestyret og eigarorganet. Ordførar eller andre kommunestyrerepresentantar må få fullmakt for å kunne stemme på generalforsamlinga.

I aksjeretten er oppfatninga at ordføraren som rettsleg avløysar for kommunen kan representere kommunen utan at det er gitt særskild fullmakt om det⁴. I samband med etableringa av lov om interkommunale selskap er det i både NOU-en⁵ og Odelstingsproposisjonen⁶ nemnt at ordføraren ikkje automatisk har representasjonsrett for kommunen. Det stemmer også med føresetnaden⁷ for kommunelova 1992, der føresegna om rettsleg representasjon er omtala. I sistnemnte førearbeid er det diskutert verknaden av manglande representasjonsrett overfor tredjemann og verknad for kommunen ved missbruk. På bakgrunn av denne diskusjonen legg vi til grunn at kommunen bør ha fatta vedtak om kven som representerer kommunen på generalforsamlinga i aksjeselskap dei er eigar i, for å minimere kommunen sin risiko for missrepresentasjon.

Fakta

Kommunen si eigarstyring blir utøvd gjennom eigarorgana i selskapa (Generalforsamling AS og representantskap IKS). Som hovudregel er sentrale folkevalde oppnemnt som representantar i eigarorgana. Formannskapet er generalforsamling for KIM AS. Alver kommune har 7 medlemmar i representantskapet i NGIR IKS. Desse sitt i kommunestyret.

Val av medlemmar til representantskapet i IKS for Alver kommune blei sist gjennomført etter kommunestyrevalet i 2019. Valnemnda innstillar og kommunestyret gjer vedtak – i tråd med reglement for valnemnda.

Det kjem fram av eigarskapsmeldinga at formannskapet er generalforsamling i heleigde aksjeselskap. Vidare er det ikkje nemnt i eigarskapsmeldinga kven som er kommunen sin representant i aksjeselskap kommunen har deleigarskap i. Om ikkje kommunestyret har fatta særskilde vedtak om representasjonsrett har kommunen difor ingen representant i generalforsamlinga i aksjeselskap dei er deleigar i. Vi har ikkje kartlagt om det er fatta vedtak om representasjonsrett i deleigde aksjeselskap.

⁴ Aarbakke m.fl. (2012) Aksjeloven og allmennaksjeloven, s. 325

⁵ NOU 1995:17 Om organisering av kommunal og fylkeskommunal virksomhet, kap. 5.1.7.

⁶ Ot.prp.nr.53 (1997-1998) Om lov om interkommunaleselskaper og lov om endringer i kommuneloven m.m (kommunaltog fylkeskommunaltforetak), kap. 3.1.7.

⁷ Ot.prp.nr.42 (1991-1992) Om lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), s. 267.

Vurdering

Som tilrådd frå KS er som hovudregel sentrale folkevalde oppnemnt som representantar i eigarorgana. Vi vurderer det som hensiktsmessig å gi eit føresegn i eigarskapsmeldinga om kven som representerer kommunen i generalforsamlinga generelt eller for kvart aksjeselskap kommunen er medeigar i.

3.1.8 Evalueringkriterium: Sørge for avgjerder om innkallingsfrist til generalforsamlingar og representantskapsmøte

KS tilråding: «Sørge for avgjerder om innkallingsfrist til generalforsamlingar og representantskapsmøte»: *Avgjerder om innkallingsfrist bør takast inn i vedtektene, slik at det blir teke omsyn til det behovet kommunen har for å ha nok tid til å behandle aktuelle saker.*

Etter IKS-loven § 8 skal innkalling til representantskapsmøte skje med minst fire vekers varsel. Innkallinga skal innehalde saksliste.

Etter aksjeloven § 5-10 skal innkalling til generalforsamling sendast seinast ei veke før møtet skal gjennomført.

Fakta

Eigarskapsmeldinga til Alver kommune inneheld ikkje avgjerder om innkallingsfrist til generalforsamlingar og representantskapsmøte.

Etter selskapsavtalen til NGIR IKS skal innkalling til representantskapsmøte med saksliste sendast med minst fire vekers varsel.

Innkallingsfrist til generalforsamlinga er ikkje teke inn i vedtektene til KIM AS. Tilsendt innkallingar til generalforsamlingane 2020 og 2021 viser at innkalling med saksliste blei sendt ca. ein månad før generalforsamlinga.

Vurdering

NGIR IKS har vedtektsfesta innkallingsfrist til representantskapsmøte i tråd med tilrådinga frå KS. KIM AS har ikkje vedtektsfesta innkallingsfrist. Samstundes viser tilsendt dokumentasjon at innkalling blir sendt ut ca. ein månad før generalforsamling. Dette er innanfor krava i aksjeloven om innkallingsfrist.

3.1.9 Evalueringkriterium: Sørge for god samansetning og kompetanse i styret

KS tilråding: «Sørge for god samansetning og kompetanse i styret»: *Eigaren bør gjennom eigarorgana i selskapet sørge for at kompetansen til styret samla sett er tilpassa det enkelte selskapet sitt føremål og verksemd. Både kommunen og eigarorganet må definere kva slags kompetanse og kapasitet som blir forventa av styremedlemmane. Styret skal gjenspegle og representere dei behova selskapet har, og bør derfor ha ulik og supplerande kompetanse i mellom anna økonomi, organisasjon og kunnskap om den marknaden selskapet opererer i. Vidare bør styret ha fagleg innsikt og god kjennskap til det føremålet selskapet har.*

Det kjem fram av Alver kommune sine overordna prinsipp for god eigarstyring at:

- Styresamansetninga skal vere kjenneteikna av kompetanse og mangfald

Fakta

Eigarskapsmeldinga til Alver kommune inneheld informasjon om samansetning og kompetanse i styret:

«Styresamansetninga skal samla sett gje den mest ønska kompetansen og kunnskap for selskapet. Det er ønskeleg med bransjekunnskap frå den sektoren verksemda opererer i. For verksemdar som er spesielt konkurranseutsette, bør veljast representantar med erfaring frå næringsverksemd. God kjennskap til offentleg forvaltning og politikkkutøving er viktig i alle selskap».

Vedtektene til eller annan styrande dokumentasjon i KIM AS inneheld ikkje informasjon om kva kompetanse som ventast av styremedlemmane i selskapet. KPMG har fått tilsendt ei oversikt over samansetninga og kompetansen i styret til KIM AS. Styret består av 7 styremedlem, irekna ein tilsettrepresentant. Oversikta viser at det er ulik og supplerande kompetanse i styret. Samstundes har fleire styremedlem styreefaring, erfaring frå frivillig arbeid og politisk erfaring.

Selskapsavtalen eller anna styrande dokumentasjon i NGIR IKS inneheld ikkje informasjon om kva kompetanse som ventast av styremedlemmane i selskapet. Styret i NGIR IKS består av 6 styremedlem, irekna ein tilsettrepresentant. Det kjem fram av intervju at det blir opplevd å vere god kompetanse i NGIR IKS sitt styre – med variasjon i utdanning og yrkeserfaring, mellom anna frå næringsverksemd.

Vurdering

Vi vurderer at kommunen gjennom eigarskapsmeldinga generelt har definert kva slags kompetanse og kapasitet som forventast av styremedlemmane i selskap Alver kommune har eigarskap i. Samstundes vurderer vi at det kan vere tenleg å nedfelle prinsipp for kva kompetanse som er viktig for det enkelte selskap i eigarskapstrategiane som skal utarbeidast.

3.1.10 Evalueringskriterium: Vedtektsfeste bruk av valkomite ved styreutnemningar

KS tilråding: «Vedtektsfeste bruk av valkomite ved styreutnemningar»: *Det bør fastsetjast i vedtektene eller selskapsavtalen at val av styrar i kommunale eigde selskap bør skje ved bruk av valkomite. Det bør lagast retningslinjer som regulerer arbeidet i komiteen.*

Fylgjande kjem fram av Alver kommune sine overordna prinsipp for god eigarstyring i eigarskapsmeldinga: «Styresamansetninga skal samla sett gje den mest ønska kompetansen og kunnskap for selskapet. Det er ønskeleg med bransjekunnskap frå den sektoren verksemda opererer i. For verksemdar som er spesielt konkurranseutsette, bør veljast representantar med erfaring frå næringsverksemd. God kjennskap til offentleg forvaltning og politikkkutøving er viktig i alle selskap».

Fakta

Alver kommune har utarbeid styringsdokumentet politisk styringsstruktur og reglement, sist revidert i november 2020. Her er det utarbeid eit reglement for kommunal valnemnd. Valnemnda består av 1 medlem frå kvart av partia i kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar i valnemnda. Valnemnda skal innstille til val av styremedlem til kommunaleigde selskap (irekna KIM AS). Kommunestyret avgjer valet. Det er ikkje utarbeid egne retningslinjer for val av styremedlem i kommunaleigde selskap i reglementet for valnemnda.

Det er vedtektsfesta i selskapsavtalen til NGIR IKS at representantskapet skal velje ei valnemnd på 3 medlem og 2 varamedlem frå representantskapet. Valnemnda skal førebu og kome med framlegg til vedtak i val representantskapet skal gjennomføre, irekna styremedlem. Det kjem vidare fram av selskapsavtalen for NGIR IKS at ved val av styremedlem skal det takast omsyn til personlege kvalifikasjonar, den samla kompetansen i styret, kontinuitet i styret, reglane om representasjon av begge kjønn og geografisk fordeling i NGIR-regionen.

Vurdering

Alver kommune har som tilrådd frå KS vedtektsfesta bruk av valkomite ved styreutnemningar. Samstundes er det ikkje utarbeid retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid. Kommunen bør utarbeide retningslinjer som set føringar for korleis valkomiteen skal komme fram til innstillingar til styremedlem.

Her bør den samla kompetansesamansetninga i styret vektleggjast, jamfør Alver kommune sine overordna prinsipp for god eigarstyring.

NGIR IKS har som tilrådd frå KS vedtektsfesta bruk av valkomite ved styreutnemningar og utarbeid retningslinjer for valkomiten sitt arbeid.

3.1.11 Evalueringskriterium: Sørgje for balansert kjønnsrepresentasjon i styret

KS kriterium «Sørgje for balansert kjønnsrepresentasjon i styret»: *Uavhengig av organisasjonsform bør eigarorganet arbeide for ein balansert kjønnsrepresentasjon i styre. Kjønnsbalansen bør sikrast både mellom dei faste medlemmane til styret og mellom varamedlemmane.*

Etter IKS-loven § 10 (sml. aksjeloven § 20-6) skal begge kjønn vere representert i styret. Det skal vere minst 2 styremedlem av kvart kjønn om styret har 4 eller 5 medlemmer. Om styret har 6-8 medlem skal kvart kjønn vere representert med minst 3 styremedlem. For styremedlemmer vald blant dei tilsette er det egne reglar (jf. IKS-lova § 10 conf. Aksjelova § 20-6 (2)).

Det kjem fram av Alver kommune sine overordna prinsipp for god eigarstyring at:

- Styresamansetninga skal vere kjenneteikna av kompetanse og mangfald

Fakta

Det kjem fram av kommunen si eigarskapsmelding at styret bør bli sett saman lik at det kan ivareta aksjonærfelleskapets interesser og selskapet sine behov for kompetanse og mangfald. Knytt til mangfald trekkjast det fram at ulike bakgrunn og erfaringar vil vere ei styrke i styrearbeidet. Vidare trekkjast det fram at det er viktig at det blir sikra ei god kjønnsfordeling i styret.

Styret i KIM AS består av seks styremedlem, fem vald av generalforsamling og ein vald blant dei tilsette. Av styremedlemmene vald av generalforsamlinga er tre styremedlem kvinner og to styremedlemmer menn.

Styret i NGIR IKS består av seks styremedlem, fem vald av representantskapet og ein vald blant dei tilsette. Av styremedlemmene vald av representantskapet er tre styremedlemmer menn og to styremedlem kvinner.

Vurdering

Styra i KIM AS og NGIR IKS har balansert kjønnsrepresentasjon, i tråd med reglane for kjønnsrepresentasjon for utpeikte styremedlem.

3.1.12 Evalueringskriterium: Lage rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyra

KS kriterium «Lage rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyra»: *Eigar bør anbefale styret å vurdere eigen kompetanse jamleg ut frå det forholdet eigarane med selskapet. Styret bør derfor etablere rutinar for å sikre nødvendig kompetanse. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret blir det tilrådd at styret etablerer desse rutinane:*

- Føreteke ei eigenevaluering kvart år
- Vurderer behovet for ekstern opplæring av styre
- Nye styremedlemmar skal ha opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling
- Gjennomfører egne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver

- *Fastset ein årleg plan, inkludert møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring*
- *Gjev ei samla utgreiing for styring og leiing i selskapet i ein årsrapport*

Vidare har kommunen definert fylgjande prinsipp for god eigarstyring i eigarskapsmeldinga:

- Styresamansetninga skal vere kjenneteikna av kompetanse og mangfald

Fakta

Det kjem fram av eigarskapsmeldinga at styret bør *evaluere arbeidet og kompetansen sin årleg. Styret sin eigenevaluering bør inkludere ei vurdering av samansetninga til styret og måten styret fungerer på både individuelt og som gruppe i forhold til dei måla som er satt for arbeidet. Eigaranne bør vurdere styret sitt arbeid, og korleis samarbeidet i styret fungerer.*

Vidare kjem det fram av eigarskapsmeldinga at *styreleiaren bør vere merksam på behovet for at styremedlemmer er fagleg oppdatert med omsyn til dei krava som vi stiller til eit kvalitativt godt styrearbeid og ta nødvendige initiativ når det gjeld dette. Det kan blant anna vere introduksjonsprogram for nye styremedlemmer og regelmessige faglege oppdateringar med relevans for verksemda til selskapet. Kommunen som eigar bør med jamne mellomrom ta sikte på å halde styreseminar for nye styremedlemmer, for å informere styret om deira oppgåver, plikter og ansvar i verksemda. Det bør arbeidast målretta med å heve kompetansen til styremedlemmane. Kursing, seminar og opplæring er viktig.*

Aksjeselskapa kommunen har eigarskap i skal arrangere eit felles styreseminar i 2021. Styreseminaret arrangerast i fellesskap av selskapa då dette er meir kostnadseffektivt enn at selskapa avheld styreseminar kvar for seg.

Styret i KIM AS utarbeidar årsplanar for styrearbeidet. Årsplanen viser ei oversikt over planlagde styremøte, og tema/saker som er planlagd teke opp i desse møta. Styret føretek ei eigenevaluering av eige arbeid ein gang i året. Her evaluerer dei styrearbeidet, kompetansen i styret, styreleiar, styremedlemmane og dagleg leiar. Resultata frå evalueringa blir drøfta i styret. I augustmøtet, etter konstituering av nytt styre vurderer styret behovet for opplæring i styrearbeid for styremedlemmane. Her går ein også gjennom styreinstruksen som gir informasjon om ansvar, oppgåver og rollefordeling. KIM AS utarbeidar ein årsrapport som blir teken opp i generalforsamlinga.

Styret i NGIR IKS har ein møteplan og eit årshjul for styret sitt arbeid. Styret gjennomførte våren 2020 ei intern styreevaluering. Det er planlagt ei ny styreevaluering dette styreåret, med utgangspunkt i det same opplegget frå i fjor slik at ein kan samanlikne resultat frå tidlegare styreevalueringar. KPMG har fått tilsendt spørjeskjemaet som alle i styret fylte ut i styreevalueringa våren 2020. Spørjeskjemaet består av 5 hovudtema – generell vurdering, vurdering av styret, vurdering av styreleiar, vurdering av kvart enkelt styremedlem og vurdering av dagleg leiar. Spørjeskjemaet inneheld spørsmål både knytt til om styret har rett kompetanse/samansetting og om kvart enkelt styremedlem har den nødvendige kompetanse. Det kjem fram av tilsendt dokumentasjon at styret tek sikte på å gjennomføre slike evalueringar med jamne mellomrom. Det blir gjort vurderingar av behovet for ekstern opplæring. Dette blei seinast teke opp i styremøte hausten 2021, kor det blei opna for at dei som ynskte kan melde seg på. Styret har ikkje gjennomført egne styreseminar knytt til roller, ansvar og oppgåver dei siste åra. Samstundes er roller, ansvar og oppgåver tema frå tid til anna i styremøta. NGIR IKS utarbeidar ein årsrapport som blir teken opp i representantskapet.

Vurdering

KIM AS har rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyret i tråd med tilrådingane frå KS, ved at dei evaluerer styret sin kompetanse og vurderer behov for opplæring årleg. NGIR IKS har rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyret. Samstundes kan gjerne gjennomføring av eigenevaluering og vurdering av behov for opplæring gjerast meir systematisk ved at det integrerast som ein årleg aktivitet i møteplanen og årshjulet til styret.

3.1.13 Evalueringskriterium: Som hovudregel bør styremedlemmar i morselskapet ikkje sitje i styra i dotterselskap

KS kriterium: «Som hovudregel bør styremedlemmar i morselskapet ikkje sitje i styra i dotterselskap»: *Styremedlemmar i morselskapet bør som hovudregel ikkje sitte i styret til eit dotterselskap.*

Fakta

Styresamansetning i mor- og dotterselskap blir ikkje drøfta i kommunen si eigarskapsmelding.

Som nemnt i del 3.1.2 tek KIM AS sikte på å etablere eit mor/dotterselskap. Det kjem fram av protokollen for generalforsamlinga 2021 at ein ser for seg det same styret i begge selskapa.

NGIR IKS har ikkje dotterselskap.

Vurdering

Tilrådinga frå KS er ein hovudregel og kan fråvikast om det er gode grunnar for det. Vi har ikkje grunnlag for å vurdere om tilrådinga frå KS bør fylgjast i dette tilfellet.

3.1.14 Evalueringskriterium: Oppnemning av numeriske vararepresentantar

KS kriterium «Oppnemning av numeriske vararepresentantar»: *Det blir tilrådd at det blir utnemnt varamedlemmar til styret i eit selskap. Ordninga med numeriske varamedlemmar bør nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Det vil seie at 1. varamedlem alltid møter ved fråvær av faste styremedlemmar, uansett kven som er fråverande.*

Fakta

Bruk av numeriske vararepresentantar blir ikkje drøfta i kommunen si eigarskapsmelding.

Både KIM AS og NGIR IKS nyttar numeriske vararepresentantar for dei utpeikte styremedlemmane frå eigarorgana (generalforsamling/representantskap). Tilsettrepresentantane har personleg vara frå dei tilsette i selskapet.

Vurdering

Som tilrådd av KS nyttar KIM AS og NGIR IKS numeriske vararepresentantar for utpeikte styremedlem frå eigarorgana.

3.1.15 Evalueringskriterium: Etablere rutinar for vurdering og handtering av habilitet

KS kriterium: «Etablere rutinar for vurdering og handtering av habilitet»: *Det blir tilrådd at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar. Ordførar og rådmann bør ikkje sitje i styre i selskap.*

Aksjeloven § 6-27 slår fast at *styremedlem må ikke delta i behandlingen eller avgjørelsen av spørsmål som har slik særlig betydning for egen del eller for noen nærstående at medlemmet må anses for å ha fremtredende personlig eller økonomisk særinteresse i saken. Det samme gjelder for daglig leder.*

Etter IKS-loven § 15 gjeld reglane for inhabilitet i kommuneloven § 13-3 og § 11-10 også for medlemmane av styret i interkommunale selskap (sml. forvaltningslova kapittel II).

Fakta

Det kjem fram av kommunen si eigarskapsmelding at styra i selskapa skal ha ei slik samansetting at dei kan handle uavhengig av særinteresser. Styremedlemmane skal opptre uavhengig i si oppgåve med å ivareta selskapet sine interesser.

Styret i KIM AS har som ein del av styreinstruksen utarbeid rutinar for vurdering og handtering av habilitet i styret. Her kjem det fram at kvart styremedlem er pliktig å informere om ein kan vere inhabil i ei sak som er opp til avgjersle i styret. Inhabile medlem må forlate møterommet medan saka vert handsama.

NGIR IKS har ikkje dokumentert rutinar for vurdering og handtering av habilitet i styret. Samstundes kjem det fram av selskapsavtalen *om inhabilitet for tilsette i selskapet og medlemmer i selskapet sine styrande organ gjeld forvaltningslova kap. 2 og kommunelova § 40 nr. 3.*

Rådmann og ordførar sitt ikkje i styret i selskap kommunen har eigarskap i.

Vurdering

KIM AS har som tilrådd frå KS utarbeid rutinar for vurdering og handtering av habilitet i styret. NGIR IKS har ikkje dokumentert rutinar for vurdering og handsaming av habilitet. Kommunen bør inkludere rutinar for vurdering og handtering av habilitet i styret som eit prinsipp for god eigarstyring i eigarskapsmeldinga.

3.1.16 Evalueringskriterium: Få til ei prinsipiell avklaring av godtgjersle for styreverv

KS kriterium: «Få til ei prinsipiell avklaring av godtgjersle for styreverv»: *I samband med utarbeiding av eigarskapsmelding bør kommunen ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjersle av styreverv. Ho bør danne grunnlag for eigarorganet si fastsetjing av styrehonorar.*

Etter aksjeloven § 6-10 skal godtgjersle til styremedlem og varamedlem i aksjeselskap fastsetjast av generalforsamlinga.

Fakta

Godtgjersle for styreverv blir teke opp i kommunen si eigarskapsmelding. Det kjem fram av kommunen sine overordna prinsipp for god eigarstyring at *der kommunen er ein betydeleg eigar i eit selskap, så skal styret si godtgjering og leiarløningar ligge på eit moderat nivå.*

Godtgjersle til styreverv i KIM AS og NGIR IKS blir teke opp og fastset årleg i generalforsamlinga og representantskapet.

Vurdering

Godtgjersle for styreverv blir som tilrådd frå KS prinsipielt avklart i eigarskapsmeldinga.

3.1.17 Evalueringskriterium: Registrere styreverv i KS styrevervregister

KS kriterium: «Registrere styreverv i KS styrevervregister»: *Alle som tek på seg styreverv og som sit i leiinga for kommunale føretak og selskap bør registrerast i KS styrevervregister.*

Fakta

Alver kommune har eit system for registrering av styreverv gjennom KS sitt styrevervregister. Eit søk i styrevervregisteret viser at styreverv i varierende grad er registrert. Registeret inneheld ei oversikt over styreverv til folkevalde i Alver kommune. Samstundes inneheld ikkje registeret oversikt over styra

i selskap kommunen har eigarskap i, som til dømes i KIM AS eller NGIR IKS. Styreverta er derimot registrert i Brønnøysundregisteret.

Vurdering

Styrevert er i varierende grad registrert i KS styrevervregister. Alver kommune bør gjere ein gjennomgang av dei registrerte opplysningane og oppdatere styreverta som manglar i Styrevervregisteret.

3.1.18 Evalueringskriterium: Sørgje for at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon

KS kriterium: «Sørgje for at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon»: *Det blir tilrådd at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon.*

Fakta

Medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjonar blir ikkje drøfta i kommunen si eigarskapsmelding.

Både KIM AS og NGIR IKS er medlem av arbeidsgjevarorganisasjonar. KIM AS er medlem i ASVL (Arbeidsgiverforening for vekst- og attføringsbedrifter). NGIR IKS er medlem i Samfunnsbedriftene (tidlegare KS Bedrift).

Vurdering

Som tilrådd frå KS er KIM AS og NGIR IKS medlem av arbeidsgjevarorganisasjonar.

3.1.19 Evalueringskriterium: Sørgje for at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningslinjer for drifta av selskapet

KS kriterium: «Sørgje for at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningslinjer for drifta av selskapet»: *Kommunen sine selskap bør ha ei aktiv og bevisst haldning til etiske spørsmål, gjerne fastlagde i eigne etiske retningslinjer som blir utarbeida for og bruka aktivt i kvart enkelt selskap. For å leggje til rette for at styret har eit aktivt forhold til retningslinjene bør dei diskuterast og eventuelt reviderast årleg.*

Det kjem fram av Alver kommune sine overordna prinsipp for god eigarstyring at:

- Styret skal sjå til at selskapa utarbeidar og følgjer opp etiske retningslinjer

Fakta

Det kjem fram av eigarskapsmeldinga at Alver kommune sine overordna prinsipp for god eigarstyring stiller klare forventningar til at styra i kommunale selskap utarbeider og følgjer opp etiske retningslinjer.

Både KIM AS og NGIR IKS har utarbeida etiske retningslinjer for selskapet. Retningslinjene til KIM AS blei utarbeida våren 2018, utan nokon tilvising til siste revisjonsdato. Det kjem fram av årsplanen for styrearbeid at dei etiske retningslinjene blir gjennomgått og diskutert i styremøte ein gang i året. Retningslinjene til NGIR IKS blei sist revidert av styret i oktober 2011.

Vurdering

Som tilrådd frå KS har KIM AS og NGIR IKS utarbeid etiske retningslinjer. Retningslinjene bør reviderast jamleg.

3.1.20 Evalueringskriterium: Avklare forholdet mellom rådmannen og dagleg leiar av føretaket ved etablering av kommunale føretak

KS kriterium: «Avklare forholdet mellom rådmannen og dagleg leiar av føretaket ved etablering av kommunale føretak»: *Det blir tilrådd at kommunestyret ved oppretting av kommunale føretak går gjennom kommunelova si regulering av forholdet mellom kommunedirektøren og dagleg leiar av føretaket.*

Fakta

Kommunen har ikkje kommunale føretak per tid.

Vurdering

Ikkje relevant då kommunen ikkje har kommunale føretak per tid.

3.1.21 Evalueringskriterium: Sørgje for at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår til å utøve sin funksjon på ein god måte

KS kriterium «Sørgje for at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår til å utøve sin funksjon på ein god måte»:

Kommunestyret har kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir etterlevd og at etiske omsyn blir ivaretekne. Kontrollen blir mellom anna utført gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Kontrollansvaret gjeld også når verksemda er skilde i egne selskap.

Kommuneloven § 23-3 og § 23-4 regulerer gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Kontrollutvalet har etter § 23-6 rett til innsyn i interkommunale selskap etter IKS-loven, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap og aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar direkte eller indirekte eig alle aksjar. Kontrollutvalet kan foreta undersøkingar i verksemdene om nødvendig. Kommunestyret kan fastsette regler om kontrollutvalet sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap kommunen har eigarinteresser i.

Fakta

Kontrollutvalet i Alver kommune har for den gjeldande valperioden utarbeida planar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, vedtatt av kommunestyret. Kommunen gjennomfører eigarskapskontroll av den generelle eigarstyringa i 2021. Det er vedteke eit reglement for kontrollutvalet, som omhandlar val og samansetjing samt arbeids- og ansvarsområde. Her kjem det fram at kontrollutvalet sitt ansvar, oppgåver og rammer følgjer av kommuneloven kapittel 23. Utvalet skal så langt det er relevant fylgje reglement for kommunestyret.

Vurdering

Vi vurderer at kontrollutvalet har fått tilrettelagte rammevilkår for å utøve tilsyn og kontroll med kommunen sitt eigarskap.

3.2 Oppsummering – Generell eigarstyring i Alver kommune

Overordna vurderer forvaltningsrevisor at Alver kommune på ein del område har ei eigarstyring i samsvar med tilrådd praksis. For nærmare omtale av kommunen si eigarstyring opp mot tilrådd praksis, sjå del 3.1.

Samstundes har vi identifisert nokre område kor kommunen etter vår vurdering har eit forbedringspotensial. Det er positivt at kommunen har iverksatt ein strategiprosess knytt til eigarstyring. Vi meiner det blir viktig at særleg fylgjande blir adressert i denne strategiprosessen:

- Det er ikkje utarbeid eigarstrategiar for alle selskapa som Alver kommune har eigarskap i. Dette medfører at styra og generalforsamling/representanskap i varierende grad har tydelege rammar å forholde seg til. Det bør utarbeidast eigarstrategiar i selskapa kor kommunen har eit betydeleg eigarskap. For interkommunale selskap bør Alver kommune ta kontakt med dei andre eigarane med sikte på å utarbeide ein felles eigarstrategi for selskapet.
- Kommunen er pliktig til å utarbeide eigarskapsmelding for Alver kommune i løpet av valperioden då gjeldande eigarskapsmelding er frå førre valperiode.
- Kommunen har etter vår vurdering mangel i systematikk i omfang og gjennomføring av eigarmøte.
- Det er ikkje utarbeid retningslinjer som set føringar for korleis valkomiteen skal komme fram til innstillingar til styremedlem.
- Styreverv er i varierende grad registrert i KS styrevervregister.

4. Tiltaksplanar

Vi vil tilråde Alver kommune å:

- ✓ Utarbeide retningslinjer som set føringar for korleis valkomiteen skal komme fram til innstillingar til styremedlem i kommunaleigde selskap
 - Irekna bør det takast omsyn til den samla kompetansen i styret ved innstilling til styremedlem
- ✓ I samband med strategiprosess for eigarstyring
 - Gjere ein heilskapleg gjennomgang og vurdering av kommunen sin eigarskapsportefølje
 - Vurdere korleis ny kommunelov endrar kommunen sine føresetnader for eigarstyring i ulike selskapsformer
 - Utarbeide overordna eigarstrategi, som byggjer på god praksis for kommunal eigarstyring
 - Utarbeide eigarstrategiar i selskapa kor kommunen har ein betydeleg eigarskap
 - Vurdere å utarbeide felles eigarstrategiar saman med dei andre eigarane i interkommunale selskap
 - Syte for at alle folkevalde tek del i den planlagte folkevaldopplæringa om eigarskap og eigarstyring
- ✓ Utarbeide eigarskapsmelding for Alver kommune i løpet av valperioden i tråd med krav i kommuneloven
 - Gi eit føresegn i eigarskapsmeldinga om kven som representerer kommunen i generalforsamlinga i deleigde aksjeselskap.
- ✓ Gjere ein gjennomgang av dei registrerte opplysningane i KS styrevervregister, samt oppdatere styreverva som manglar i Styrevervregisteret.
- ✓ Nedfelle prinsipp for omfang og gjennomføring av eigarmøte for selskapa.
- ✓ Følgje opp at selskapa kommunen har eigarskap i jamleg reviderer etiske retningslinjer
 - Dette bør tydeleggjerast i eigarstrategiane som skal utarbeidast
- ✓ Følgje opp at selskapa kommunen har eigarskap i har rutinar for vurdering og handtering av habilitet
 - Dette bør tydeleggjerast i eigarstrategiane som skal utarbeidast
 - Kommunen bør inkludere rutinar for vurdering og handtering av habilitet i styret som eit prinsipp for god eigarstyring i eigarskapsmeldinga

5. Uttale frå rådmann og ordførar

Uttale frå rådmann og ordførar:

Vi takker for tilsendt rapport. Tiltrådingene i denne vil bli med som grunnlag for vårt arbeide med å etablere eigarstyring i Alver kommune i denne valperioden. Vi vil særlig legge vekt på:

- Registrering i KS styrevervregister
- Følgje opp at selskapa har, og jamnlig reviderer etiske retningslinjene
- Sikre at selskapa har rutinar og reglar knytt til vurdering av habilitet
- Utarbeide retningslinjer for valkomiteen, med vekt på kompetanse i styra

Vedlegg 1 Dokumentliste

Dokumentasjon frå Alver kommune

- ✓ Eigarskapsmelding Alver kommune 2019 – fellesnemnda
- ✓ Politisk styringsstruktur og reglement
- ✓ Spørsmål eigarstyring – svar frå Alver kommune
- ✓ Mailkorrespondanse med Alver kommune
- ✓ Vedtekter Alver Tomteselskap AS
- ✓ KS Styrevervregisteret - Alver kommune: [Søk - Styrevervregisteret](#)

Dokumentasjon frå KIM AS

- ✓ Årsplan for styrearbeid Knarvik Industri og Miljø AS
- ✓ Instruks for styret ved Knarvik Industri og Miljø AS
- ✓ Vedtekter for Knarvik Industri og Miljø AS
- ✓ Årsrapport 2020
- ✓ Innkalling til generalforsamling i Knarvik Industri og Miljø AS – 11 juni 2020
- ✓ Signert protokoll generalforsamling i Knarvik Industri og Miljø AS 2020
- ✓ Innkalling til generalforsamling i Knarvik Industri og Miljø AS – 10 juni 2021
- ✓ Utkast til protokoll generalforsamling i Knarvik Industri og Miljø AS 2021
- ✓ Styreinstruks inkludert retningslinjer i høve til habilitet ved Knarvik Industri og Miljø AS
- ✓ Etske retningslinjer for KIM AS
- ✓ Oversikt eigarmøte i perioden 1.6.2020-1.6.2021
- ✓ Samansetting og kompetanse i styret
- ✓ Styrets oppgaver – powerpointpresentasjon
- ✓ Resultat styreevaluering KIM AS 2021
- ✓ Rutinar for å sikre naudsynt kompetanse i styret
- ✓ System for vararepresentasjon
- ✓ Skilje mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private
- ✓ ASVL arbeidsgjevareforening
- ✓ Dokumentasjon på medlemskap i ASVL

Dokumentasjon frå NGIR IKS

- ✓ Selskapsavtale for Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
- ✓ NGIR representantskapssak 24/20 – Økonomiplan 2021-2024
- ✓ Årsmelding NGIR 2020
- ✓ Etske retningslinjer for NGIR

- ✓ Innkalling til NGIR konstituerande representantskapsmøte 16.03.20
- ✓ Referat NGIR representantskapsmøte 31.03.20
- ✓ Innkalling NGIR representantskapsmøte 09.06.20
- ✓ Referat NGIR representantskapsmøte 09.06.20
- ✓ Innkalling til NGIR representantskapsmøte 26.10.20
- ✓ Referat NGIR representantskapsmøte 26.10.20
- ✓ Innkalling til NGIR representantskapsmøte 10.05.21
- ✓ Referat NGIR representantskapsmøte 10.05.21
- ✓ Powerpointpresentasjon NGIR
- ✓ NGIR representantskapssak 26/20 – Strategiarbeid
- ✓ NGIR representantskapssak 27/20 – NGIR organisering
- ✓ Retningsliner for valnemnd NGIR
- ✓ Årsberetning 2020
- ✓ Årsrekneskap 2020
- ✓ Samfunnsbedriftene – Hovedtariffavtalen for konkurranseutsatte bedrifter
- ✓ Revisjonsmelding
- ✓ Styreevaluering
- ✓ Mail frå NGIR IKS



Kontakt oss

Harald Sylta

Partner

T +47 40 63 96 66

E harald.sylta@kpmg.no

Magnus Nedrelid Heggen

Senior Associate

T +47 90 02 49 60

E magnus.heggen@kpmg.no

kpmg.no

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033, TI-&17
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 22.10.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
113/20	Alver kommunestyre	29.10.2020

Risiko- og vesentlegvurdering – plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
3. Beredskap; hendingar og katastrofar
4. Personvern og informasjonstryggleik
5. Habilitet
6. Økonomisk bærekraft og økonomistyring

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

May-Irene Wergeland (SP) ba om forlenga taletid utover innlegg på tre minutt i viktige saker, og viste til at det er det opning for i det politiske reglementet. Ho gjorde framlegg om 7 og eit halvt minutt taletid i sak 113/20. Møteleiar Øyvind Oddekav (AP) sette fram framlegg om inntil fem minuttars taletid. Wergeland trekte framlegget sitt. Møteleiaren sitt framlegg vart vedteke med 33 røyster mot 14 røyster (H, FRP, 1 KRF, 2 AP, 2 UAVH).

På vegne av dei fire samarbeidspartia H, SP, AP, KRF, og FRP sette Nils Marton Aadland (H) fram følgjande endringsframlegg:

Prioritet 6 (Økonomisk bærekraft og økonomistyring) blir endra til prioritet nummer 2. Dei øvrige prioriteringane blir endra som konsekvens av dette.

På vegne av AP, KRF og H sette Øyvind Oddekav fram følgjande tilleggsframlegg:

Kommunestyret ønskjer at forvaltningsrevisjonen innan oppvekst og tidleg innsats m.a. skal ha fokus på korleis opplæringslova § 9 A og arbeidsmiljølova knytt til dette området blir praktisert i Alver-skulen.

May-Irene Wergeland sette på vegne av SP fram følgjande tilleggsframlegg:

Kommunestyret ynskjer at revisjonen innan oppvekst og tidleg innsats sikrar ein revisjon av praksis i saker der opplæringslova § 9 A 5 og arbeidsmiljølova, samt eventuelt andre lover, kjem til anvending. Revisjonen ser på handteringa av slike saker i dei ulike kommunane frå innføringa av lova i 1.8.2017 og fram til no.

Røysting:

Endringsframlegg frå dei fire samarbeidspartia H, SP, AP, KRF, og FRP, vart vedteke med 45

røyster mot 2 røyster (2 Uavhengige).

Tilleggsframlegget frå AP, KRF, H og og FRP vart sett opp mot tilleggsframlegget frå SP. Framlegget frå AP/KRF/H/FRP fekk 25 røyster (AP, KRF, AP, H, FRP, V, R), medan tilleggsframlegget frå SP fekk 22 røyster (SP, UAVH, SV, MDG).

KO- 113/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande endring: Prioritet 6 (Økonomisk bærekraft og økonomistyring) blir endra til prioritet nummer 2. Dei øvrige prioriteringane blir endra som konsekvens av dette.

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Økonomisk bærekraft og økonomistyring
3. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
4. Beredskap; hendingar og katastrofar
5. Personvern og informasjonstryggleik
6. Habilitet

Kommunestyret ønskjer at forvaltningsrevisjonen innan oppvekst og tidleg innsats m.a. skal ha fokus på korleis opplæringslova § 9 A og arbeidsmiljølova knytt til dette området blir praktisert i Alver-skulen.

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Vedlegg i saken:

22.10.2020 2020 10 20 Vedtak om innstilling til plan for forvaltningsrevisjon - Alver kontrollutval

1463057